


Helsing til
Lars Vassenden
på 70-årsdagen



‘Historisk presens’ i norrønt – tom anafori?

Kari Tenfjord
Nordisk institutt
Universitetet i Bergen

Då eg begynte på hovudfagsstudiet ved UiB i 1980, var det naturleg å vende seg til Lars Vassenden for å få rettleiar til hovudoppgåva fordi han hadde vore engasjert i norskundervisninga for utanlandske studentar. Han viste òg stor interesse for det emnet eg ville skrive hovudoppgåve om, og han var dermed med å opne døra for ein ny fagdisiplin ved Nordisk institutt, nemleg norsk som andrespråk. I løpet av dei siste 14 åra har dette faget etablert seg og Lars Vassenden har vore sentral i utviklinga av faget ved instituttet. I studiet av norsk som andrespråk må vi sjå på norskfaget frå ein annan synsvinkel enn når faget blir studert som morsmål. I denne artikkelen vil eg forsøke å vise at nettopp dette kan føre til ny innsikt også i morsmålsfaget.

Tempus i norsk – vanskeleg for ein vietnamesar

Vietnamesisk og norsk er to språk som møtest i den norske skulekvarden. Av dei språklege minoritetane i norsk grunnskole i dag, er elevar med vietnamesisk som morsmål ein av dei største. For lærarar som underviser elevar frå språklege minoritetar, ligg det føre ei klar oppmoding om å setje seg inn i elevane sine morsmål for å kunne dra nytte av dei i undervisninga. Morfologisk står norsk og vietnamesisk langt frå kvarandre. Vietnamesisk er eit isolerande språk medan norsk er eit syntetisk språk, vietnamesisk har ikkje morfologi medan norsk har relativt mykje morfologi, og derfor vil det vere lite fruktbart å bruke morfemet som språkleg storleik for å samanlikne desse språka. Det norske tempussystemet t.d. blir gjerne skildra som trekk ved norsk morfologi. Når vietnamesisk ikkje har morfologi og heller ikkje tempus som grammatiske kategori, kan ein vel intuitivt predikere at norsk tempus-system vil bli vanskeleg å tilegne seg for ein vietnamesar.

Frå lydbandopptak av samtaler med to av mine vietnamesiske informantar har eg henta følgjande oppfatningar av problemet :

<i>Vietnamesisk elev:</i>	<i>Innfødd norskalande:</i>
hva?	hva mener du er vanskelig når du skal lære norsk
--grammatikk å - å - verb	hva mener du er vanskelig når du skal lære norsk?
ja	grammatikk og verb?
det (?bytter) - (?bytter)	hva er det som er vanskelig med verb da?
det mange forskjellig	
det - det presens -infinitiv-	
perfektum	
ja	ja jeg forstår godt at det er vanskelig
nei	det er ikke slik i vietnamesisk?
vietnamesisk bare ett ord- bare ett ord	hvordan er det i vietnamesisk?
ja	
vi snakke-foreksempel vi snakke nå	
snakke - vi skal snakke med -	
vi bruker bare en en ord	
i norsk vi snakke nå	
vi snakke -snakke andre	
forskjellig	
jeg tror jeg snakke	ja
du forstår ikke	
	jo jeg forstår

Slik skildrar ein av informantane mine det han synest er vansklegast i norsk, tempussystemet. Han samanliknar norsk og vietnamesisk på grunnlag språklege former, og problemet hans er knytt til bøyingsmorfologi i norsk

Ein annan informant har kome noko lengre i forståinga av det norske tempussystemet i og med at han stiller hypotesar om funksjonen til ulike tempora i norsk:

<i>Vietnamesisk elev:</i>	<i>Innfødd norskalande:</i>
	hva er vanskelig i norsk når du skriver
det vanskelig lik ord i setning	forstår du ikke?
å nåtid fortid å presen vanskelig	
fordi det fortid å nåtid å framtid	
vanskelig	
i vietnamesisk hvis gå bare gå	
ikke gå skal gå gå gått	
hvis skal s̄ē	
hvis e fortid dā	
forskjelli	

Denne informanten har ein hypotese om at framtid i norsk uttrykt ved hjelpeverbet 'skal' tilsvarer bruk av 's̄ē' i vietnamesisk og fortid tilsvarer bruk av 'dā' i vietnamesisk. Han seier: «hvis skal se» (mi tolkning: viss vi bruker 'skal' på norsk tilsvrar det bruken av 's̄ē' i vietnamesisk) «hvis e fortid da» (mi tolkning: fortid, preteritumsformen, tilsvarer bruk av 'da' i vietnamesisk). «S̄ē» og «dā» er framtids- og fortidsmarkørar i vietnamesisk, men berre i nokre kontekstar er det ein parallel mellom futurum og preteritum i norsk og bruk av desse tidsmarkørane i vietnamesisk.

Det som er felles for desse to informantane si oppfatning av tilhøvet mellom norsk og vietnamesisk er at dei tek utgangspunkt i språkspesifikke grammatiske kategoriar og freistar å finne samanfall mellom kategoriar i dei to språka. Dette er ei form for *translatørgrammatikk* «*dvs. det at man anvender ett språks grammatiske kategorier i beskrivelsen av et annet språk, der de er irrelevante*» (Dyvik, s. 51) At ein språkelev nyttar ein slik strategi i læringsprosessen er ikkje uvanleg, men forskrarar kan òg bruke tilsvarande praksis i sitt arbeid. Det har sett sitt preg på mykje av andrespråksforskinga, m.a. ein tendens til å ta utgangspunkt i kategoriar i målspråket ved analyse av mellomspråk og i kontrastive analyser mellom målspråk og morsmålet til eleven. Denne praksisen meiner eg førekjem i

andre vitskaplege disiplinar, kanskje kan vi òg finne eksempel på det i t.d. norrønforskinga.

Mi målsetting med å ta opp ein diskusjon der utgangspunktet er translatørgrammatikk, er å kunne nytte erfaring frå andrespråksforskinga på morsmålsforskinga. Fordi vietnamesisk og norsk er språk som står fjernt frå kvarandre, er det innlysande at slik praksis kan gi eit urett bilde av vietnamesisk. Dette er ikkje like innlysande i samanlikninga mellom norrønt og moderne norsk sidan dei er språk som er i så nær slekt. Eg vil likevel hevde at nettopp translatørgrammatisk praksis kan hindre oss frå å stille nye hypotesar i norrønforskinga. For å illustrere dette vil eg i denne artikkelen diskutere såkalla ‘historisk presens’ i norrønt.

Tempusmorfem – diskursanaforiske element

Når vi skal skildre temporalitet i norsk er det naturleg å ta utgangspunkt i tempussystemet, og bøyingsparadigme blir då sentrale. Men dette vil vere eit lite fruktbart utgangspunkt når ein skal samanlikne temporalitet i to språk der det eine språket har tempus som grammatiske kategori og det andre språket ikkje har denne grammatiske kategorien. I arbeidet med vietnamesisk språk og vietnamesiske elevars norske andrespråk har eg freista å finne teoriar og eit omgrepssapparat som kan gi grunnlag for ei mest muleg fruktbar samanlikning av to så ulike språk. Det er derfor naturleg å arbeide med teoriar som har hypotesar om universelle trekk ved temporalitet, og ein slik teori er diskursrepresentasjonsteorien (DRT). DRT er ein semantisk teori som legg stor vekt på å vise kva som har ansvar for diskurskohesjon mellom setningar. Visse språklege element krev tilgang til den omkringliggende diskursen, eller konteksten i vidare forstand, for å bli tolka, dei såkalla diskursanafora. Dei blir vist stor merksemd i DRT.

- (1) Heldigvis brukar han ho.

Referansen til *han* og *ho* i eks. (1) kan ikkje bestemast utan tilgang til ein eller annan kontekst.

- (2) Øystein har fått ei ny jakke. (Heldigvis brukar han ho.)

I eks. (2) blir det introdusert to referensielle NPar, *Øystein* og *ei ny jakke*, og det er dermed etablert to diskursreferantar i *diskursdomenet*. Desse referentane har visse eigenskaper, m.a. har den eine eigenskapen [MASK], den andre [FEM]. Så lenge der ikkje er konkurrerande referantar med desse eigenskapane i diskurs-

domenet, har dei anaforiske pronomena klar tilgang til referentane sine og tolkinga av setninga i eks. (1) er klar og eintydig.

I DRT blir tempusmorfem òg sett på som anaforiske element. I følgje Sandström (1993) er standardreferansen til idéen om at tempusmorfem er anaforiske, Partee (1973). Partee peikar på nokre karakteristiske eigenskapar ved engelsk preteritum som har analogiar til eigenskapar ved pronomen. Gitt eit bestemt tidsadverb, så vil ei preteritumsform i same setning bli oppfatta som å refere til det tidspunktet eller tidsintervallet som adverbet denoterer, akkurat som eit pronomen korefererer med eit NP som kontrollerer det. Ved eks. (3) vil Sandström (1993) vise at

a preterit can pick up a situationally salient time, just like a pronoun can pick up a situationally salient individual.

- (3) a. *Last Friday, Sheila gave a party.*
- b. *Sheila said she would come.*

Anaforiske eigenskapar ved preteritum gjeld òg mellom setningar slik som i eks. (4).

- (4) I går var vi i byen. Først handla vi og så gjekk vi på kino.

I den andre setninga i eks. (4) refererer begge verba til *i går*. Samanliknar vi eks. (4) med eks. (5) ser vi at preteritum har anaforisk funksjon medan perfektum ikkje har det.

- (5) Vi har vært i byen og handlet.

Vietnamesisk og norrønt – tom anafori

Vietnamesisk er eit språk som tillet tomme anaforar, det same gjeld norrønt. Moderne norsk tillet òg tomme anaforar i visse syntaktiske konstruksjonar:

Modern Norwegian has a rule that deletes an NP which is coreferential with an NP in a preceding coordinated sentence, but only if the identical NPs are both subjects. (Faarlund, s. 78)

Tom anafori i slike konstruksjonar gjeld òg norrønt slik m.a. Haugen (s.238) viser til. Men det fins òg eksempel på utelating av subjekt i norrønt der den syntaktiske konstruksjonen er ein som ikkje er tillaten i moderne norsk, og det er slike eksempel som er interessante for emnet i denne artikkelen. Eks. (6) viser ein slik

konstruksjon. Her er subjektet utelate i den andre setninga, men det utelatne subjektet samsvarar ikkje med subjektet i den føregåande koordinerte setninga, men med objektet. Ein konstruksjon som eks.8 viser altså tom anafori ulik den som er tillaten i moderne norsk.¹

- (6) Þá lét Óðinn bera inn í høllina sverð, ok váru [-] svá björt
(Snorre Edda)

Tom anafori finn ein òg som objekt i norrønt.

- (7) honum var fengin leynilega harpa, ok sló hann [-] með tánum
(Snorre Edda)

«Historisk presens» – tom anafori?

Innleatingsvis hevda eg at studiet av norsk som andrespråk blir gjort ut frå eit anna perspektiv på norsk enn det ein gjerne har når ein studerer norsk som morsmål. Dette *kan* gi ny innsikt og forståing av språket, og i denne artikkelen hevdar eg t.o.m. at studiet av norsk som andrespråk kan gi grunnlag for å stille nye hypotesar også om norrønt.

I vietnamesisk er det altså svært vanleg å utelate pronomene i ei setning, både i subjektposisjon og objektsposisjon, og her er det påvist klare parallellear til norrønt (Rosén). Vietnamesisk har som tidlegare sagt ikkje tempus som grammatiske kategori, likevel kjem temporalitet like klart til uttrykk i vietnamesisk som i norsk. Det temporale innhaldet i ei setning/ytring blir ikkje grammatikalisert, men uttrykt anten ved eit tidsadverb eller ved den språklege eller utanomspråklege konteksten.

- (8) Tôi vê hôm qua
eg komme tilbake i går
Eg kom tilbake i går.

- (9) Tôi vê ngai may
eg komme tilbake i morgen
Eg kjem tilbake i morgen

I eksempla (8) og (9) ser vi at verbet har same form, det er tidsadverba som uttrykker det temporale innhaldet i setningane. Så lenge der ikkje er nokon konkurr-

rerande tidsreferent i diskursdomenet, er det ikkje vanskeleg å tolke det temporale innhald.

Sjølv om tempusmorfemet som oftast gir redundant informasjon, må ei kvar norsk setning ha eit finitt verb. Dette er eit syntaktisk krav i norsk. I norsk er det òg eit syntaktisk krav at ei kvar setning må ha eit subjekt, og det er innlysande at ofte vil eit subjekt som blir uttrykt ved eit anaforisk pronomen også innehalde redundant informasjon (jfr. eks. (6) og (7)). I eit diakront perspektiv kan utviklinga frå norrønt, der både subjekts- og objektspronomen kunne utelatast, til moderne norsk, der det ikkje er tillatt, karakteriserast som ein grammatikalisering- eller syntaktiseringssprosess.

Ser ein på tempus som ein anaforisk kategori som har visse analogiar til pronomenen, slik DRT gjer, er det nærliggande å forstå fråvær av tempus i vietnamesisk som tom anafori utfrå analogiar med tomme pronomener i vietnamesisk. Og likeeins er det kanskje muleg å sjå den same analogien i norrønt. Norrønt tillet tom pronomenanafori og det tillet fråver av preteritumsmorfemet, noko som kan handsamast som tom tempusanafori.

I norrønt er det vanleg å omtale ei viss veksling mellom presens og preteritum i ein narrativ tekst som historisk presens. Dette kan vere basert på translatørgrammatisk praksis. Vannebo (s. 160-161) hevdar at det ein kallar historisk presens i norrønt og i moderne norsk ikkje har same funksjon, og at distinksjonane er så klare at det truleg ville vore fruktbart med eit terminologisk skilje mellom dei. Han viser her til Visser sitt framlegg om å skilje mellom ‘*vividly reporting present*’ og ‘*substitutive present*’. Men eit terminologisk skilje seier nødvendigvis ikkje noko om kva som er forskjellen mellom dei to typane historisk presens, og det innhaldet Visser gir ‘substitutive present’ kan vanskeleg få oppslutnad. Han gir følgjande definisjon» ...*the present tense used instead of the preterite for the sake of rhyme or metre...*» (Visser, s. 720) Men i same diskusjonen peikar Visser på det redundante innhaldet som tempusmorfemet har, og opnar derfor for eit syn på historisk presens som noko anna enn eit stilistisk verkemiddel, og at det først og fremst kan vere resultat av at redundante trekk kan utelatast:

In trying to account for the origin of the use of the present tense with reference to past events or occurrences one should bear in mind the fundamental fact that special forms of the verb-base as time- or tense markers are theoretically superfluous, since the timesphere is nearly always sufficiently clear from situation, context, adverbs and conjunctions. (s. 709)

Kiparsky (1968) diskuterer òg historisk presens som noko anna enn historisk presens i moderne språk. Han tar utgangspunkt i eldre indo-europeiske språk m.a.

norrønt, og hevdar at det er heilt andre syntaktiske og semantiske eigenskapar ved såkalla historisk presens i eldre indo-europeisk enn det vi finn i moderne indo-europeiske språk. Han argumenterer for at bruken av presens er syntaktisk motiverert, og han viser til Heusler (s. 128) som hevdar at historisk presens ikkje blir brukt over lengre passasjar, men at det kan alternere med preteritumsformer i rask rekkefølgje. Kiparsky hentar følgjande typiske eksempel frå Heusler:

(10)

Þeir hliópo á hesta sína ok riþa ofan á Fýresvöllo, þa só þeir, at

[pret.]

[pres.]

[pret.]

Aþils konungr reiþ epter þeim...ok vill drepa þá

[pret.]

[pres.]

(Skáldskaparmál, sitert etter Kiparsky)

Det syntaktiske problemet Kiparsky diskuterer er at det synes som om tempus er utsett for konjunksjonsreduksjon, altså det at ein kan utelate ein konstituent som blir gjenteken (jfr. diskusjonen om tomme pronomene). Dette står likevel i konflikt med eit språkuniverselt prinsipp som styrer konjunksjonsreduksjon, nemlig at konjunksjonsreduksjon berre førekjem på ordnivå og høgre nivå, men ikkje under ordnivå. Han ser to mulege løysingar på problemet: Enten at konjunksjonsreduksjonsforma i seg sjølv er ulik i tidleg og moderne indo-europeisk, eller at den syntaktiske representasjonen som den blir brukt på er så ulik at den påverkar tempus i tidlig indo-europeisk men ikkje i moderne språk.

Det er det siste alternativet Kiparsky held fast ved, og han meiner det er gode grunnar for å sjå på tempus som konstituentar heller enn trekk ved verbet. Han foreslår difor at tempus kan fungere som adverb. Den forma for konjunksjonsreduksjon vi ser i historisk presens er ein tidssekvens ‘past’... ‘past’... som vert redusert til ‘past’ .. ‘zero’. Ein føresetnad for ein slik analyse er at presens-forma, ‘zero’, er den umarkerte tempusforma og at preteritumsforma er den markerte.

Den hypotesen som eg vil setje fram har sin bakgrunn i den slåande ‘likskapen’ mellom vietnamesisk og norrønt. Som tidlegare nemnt, så er vietnamesisk eit språk som i stor utstrekning tillet tomme anaforar, og det same gjeld norrønt. Dersom ein ser på tempusmarkering som anafori, er det fruktbart å stille ein hypotese om at det som blir sett på som historisk presens i norrønt, faktisk kan vere resultat av at tomme anaforar er tillatne når det ikkje skapar problem for tolkninga av det språklege innhaldet. Forklaringsom Kiparsky gir tolkar eg på ein slik måte at den kan støtte anaforitolkninga mi. Det språklege systemet i norrønt blir derfor meir ulikt dét i moderne norsk enn mange synest å meine.

Oppsummering

Med utgangspunkt i utsegner frå vietnamesiske elever som er i ferd med å lære norsk, viser eg at dei bruker ein læringsstrategi som kan karakteriserast som translatørgrammatikk. D.v.s. dei freistar å finne kategoriar i målspråket som tilsvavar kategoriar i morsmålet. Eg hevdar vidare at dette er ein praksis ein òg kan finne hos forskrarar. Som eksempel på dette har eg sett på førekommstar av bruk av presensformer i norrønt brukt til å uttrykke fortidsinnhald. Dette er eit språkleg trekk som gjerne blir tolka i samsvar med det stilistiske verkemiddelet historisk presens i moderne norsk, og det kan vere ei form for translatørgrammatikk.

Eg presenterer ein ny hypotese om at ‘manglande’ preteritumsmarkering på verbet der innhaldet er fortid, kan bli sett i samanheng med at norrønt tillet tom anafori i mykje større grad enn moderne norsk. Eg finn hypotesen så pass interessant at den fortener ein presentasjon, om den fortener støtte er naturlegvis avhengig av ei empirisk utdjuping.

Notar

1. Eks. 8 og 9 er henta frå Faarlund.
2. For den vidare drøftinga Kiparsky gjer, sjå artikkelen Tense and Mood in Indo-European Syntax.

Referansar

- Dyvik, Helge J.J. 1980: *Grammatikk og empiri*. Bergen: Universitetet i Bergen
- Faarlund, Jan Terje 1989: Pragmatics and Syntactic Change. *Language Change: Contributions to the Study of its Causes*. L.E.Breivik og E.H.Jahr (eds.) Trends in Linguistics. Studies and Monographs: 43. Berlin: Mouton de Gruyter.
- Haugen, Odd Einar 1993: *Grunnbok i norrønt språk*. Oslo: Ad Notam Gyldendal
- Heusler, Andreas 1964: *Altisländisches Elementarbuch*. sechste, unveränderte Auflage. Heidelberg: Carl Winter Universitätsverlag
- Kiparsky, Paul 1968: Tense and Mood in Indo-European Syntax. *Foundations of Language* VOL.4. Dordrecht-Holland: D.Reidel Publishing Company
- Partee, Barbara Hall 1973: Some structural analogies between tenses and pronouns in English. *The Journal of Philosophy* LXX, 601-609
- Rosén, Victoria 1991: Empty Pronouns and Topic Prominence in Old Norse and Vietnamese. *Papers from the Twelfth Scandinavian Conference of Linguistics*, Halldor Ármann Sigurðsson et al. (red.) Reykjavík:Linguistic Institute, University of Iceland
- Sandström, Görel 1993: *When-clauses and the temporal interpretation of narrative discourse*. REPORT 34 Umeå: Department of General Linguistics, University of Umeå
- Tenfjord, Kari 1983: *SYSTEMATISK-VARIERT-TILFELDIG*. Bergen: Hovudoppgåve i nordisk, Historisk -filosofisk embetsekamen, Universitet i Bergen
- Vannebo, Kjell Ivar 1979: *Tempus og tidsreferanse*. Oslo: Novus Forlag
- Visser, F.Th. 1966: *An Historical Syntax of the English Language*. Leiden: E.J.Brill

NORDISK INSTITUTT

Sydnesplassen 9
5007 Bergen

ISBN: 82-90500-18-1